



Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat
nve@nve.no
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Norvald Walderhaug -

Vår referanse:
2013/021713-002

Dykkar referanse:
NVE 201003460-9 m.fl.

Vår dato:
13.03.2013

Høyring - Søknad om løyve til å byggje 14 småkraftverk i Ørsta og Volda kommunar - Fleire søkjarar


Vi viser til brev datert 7.2.2013 frå NVE.


NVE har mottatte søknadar frå fleire søkjarar om løyve til bygging av 14 småkraftverk i kommunane Ørsta og Volda. Søknadane er tenkt behandla samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men og alle sakane samla. Til høyringsbrevet er vedlagd kart i målestokk 1:100 000 der det er teikna inn omtrentleg plassering av dei aktuelle stadane.

Ikkje nokre av kraftverka vert liggjande langs etter europaveg 39. Nokre av dei vert liggjande i nærleik av fylkesvegar. Tilsendt kart er i soppass liten målestokk at det er vanskeleg å gjere seg særlege oppfatningar om avkjørsle, byggegrense og andre trafikale forhold.

Statens vegvesen har ut i frå sitt ansvarsområde, og på noverande stadium i prosessen, ikkje særlege merknadar til etablering av småkraftverk om dette ikkje medfører uheldige trafikale forhold langs offentleg veg. Ein føreset at etablering vil følgje vanleg byggesakshandsaming og at vegvesen vert kopla inn i dei sakane der det vert aktuelt med vurderingar og løyver etter veglova og fråsegner etter plan- og bygningslova.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing


Ole Jan Tønnesen
seksjonssjef


Per Norvald Walderhaug

Kopi: Ørsta kommune, Volda kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52